

Torleif Trykkerud:

Hans Hanson Fykerud

- spelemannen som vekte åtgaum for spelet sitt, anten det var i København, i gamlelandet eller i Dei forente statar.

Berre to år etter at Lars Fykerud vart fødd, fekk han ein veslebror som ofte skulle visa seg å vera på høgde med sin meir vidkjende storebror. Hans, som broren heitte etter far sin, fekk seinare i livet vel så god fagnad som Lars, og dette kunne setje sinnet i kok hos Lars. Ein gong på Kongsberg då Hans hadde fått meir fagnad enn han, treiv han fela og gjekk opp på scena og fortalde lydarane at no skulle dei få høyre korleis musikken skulle lyde.

Hans, fødd 20. november 1862, hadde som bror sin vakse opp i eit rikt musikkmiljø. Faren var kjend felespelar som m.a. lærde bort sine tradisjonar til Knut Dale då han var ung. Mora Torbjørg var vide kjend for spelet sitt på sjøfløyte.

Det er godt kjent at det fyrst og fremst var brørne Lars og Hans Fykerud som byrja med konsertar på hardingfele. At konkurransen kunne vera stor viser annonser frå denne verksemda i 1880-90-åra i Skien. Leiv Sandsdalen hadde lyst ut konsert i Skien – så kom Hans Fykerud med liknande kunngjering. Dette førte til at Leiv Sandsdalen lyste ut konsert på nytt – til nedsett pris.

I 1880-åra var Hans på konsertvitjing i København, som Myllaren før han hadde vore. Hans fekk fin omtale i avisa Politiken, attgjeve i Varden 20. oktober 1891:

Telemarkingens Hans Fykerud er fortiden i Kjøbenhavn. "Politiken" skriver om ham og hans Spil bl.a.:

"Ved disse uciviliserede, eiendommelige Klange og Tonefølger glemmer man helt sit eget københavnske Arbeidsværelse. Fjeldene reiser sig med hvide Tinder, Fjorden lægger sit blanke Speil ind derimellem, det skinner fra Bræ, det grønnes fra Li, og der aander en tindrende Sommerluft over Hardangerfjords Vande. ... De merkeligste Toner faar nu Hans Fykerud ud af Instrumentet. Det er Programmusik af reneste Vand. Der er Kjørenes stille brølen i den varme Luft – langt, langt borte – der er Melkestraalens fine Strippen i Spanden – der er Lokkeleg og "Hurra, min Jente, nu kommer jeg" og andre Folkevise-Melodier, - der er til allersidst selve Halvdan Kierulfs "Brudeferd" i Reminiscenser, spilled efter Gehør, med Kvarten for høi ligesom i de fleste av Slaatterne. Det er



Naturmusik alt dette. Men friskt og eiendommelig og i vor, ikke mindst i Musikken, saa overkultiverede Tid, af en ganske betagende simpel Ynde.”

I Norges Musikhistorie 1921 finn ein fylgjande:

Ingen bondespelemann i samtidi kunde meir byspel enn Lars Fykerud. Medvitande eller umedvitande hev karakteren i dette verka paa slaattarne hans. Han var i grunnen den som heldt fram leidi etter Ole Bull med aa laga ”stykke” av norske folketonar, slaattar, naturljod o. dl. Hans stykke ”Budeigjorne paa Filefjell” er etterlikning av ”Sæterbesøget”. Hans Fykerud komponera i same lei ”Gjenta ved vogga”, bilæte fraa folkelivet paa Kongsberg. Fykerudane hev æra av at dei førde ”folketonen” inn i spelet og nytta han i konsertane.

Eit døme på desse konsertane finn ein i Nordisk Musikk Tidende nr. 1 av 1. jan. 1888:

Telemarksviolinisten H. Fykerud gav 22de Januar i Arbeidersamfundets store Sal en av de ca. 230 Personer besøgte Koncert med følgende Program: ”Fanden paa Bordstaben, Halling”, ”Abildhaugen, Springar”, ”Fossegrimen, Springar”, samtlige paa overstemt Violin, ”Elling Mynsters troldestemte Halling” paa troldestemt Violin, ”Kivlemøyarne”, ”Lokkaren”, ”Fanitullen”, Budeiernes Lokketoner” og ”Møllarguttens Kunststykke”. De to sidste Numre og ”Kivlemøyarne” vakte især sterkt Bifald. ”Budeiernes Lokketoner” var Violinistens egen Komposition. Der forekom i dette Stykke Jodlen af Sæterjenter, Fuglekvidder og Kjørenes Brøl. Hr. Fykerud er engageret til i to Aftener at optræde i Centralhallen. Han skal optræde i Nationaldragt. Før hvert Nummer fortæller han vedkommende Musikstykkets Tilblivelseshistorie.

Hans reiste rundt store delar av Austlandet saman med hallingdansaren Asbjørn Sorteberg. Fylgjande finn ein i Innherredsposten 24. sept. 1892:

Hardangerviolinisten Hans Fykerud giver Concert mandag den 26de September kl. 8 i Arbeidersamfundets Lokale i Stenkjær under Medvirken af Hallingdanseren Asbjørn Sorteberg. Program: 1. Halling af Møllargutten. 2. Jenten ved Vuggen. 3. De tre Budeier paa Filefjeld, Hans Fykerud. 4. Optræden af Hallingdanseren Asbjørn Sorteberg. 5. Huldren lokker Kjørene hjem. 6. Fanitullen: Hans Fykerud. 7. Optræden av Asbjørn Sorteberg. 8. Skildring av Sæterlivet: Hans Fykerud. Billetter à kr. 1,00 & 50 øre erholdes hos Hr. Bjerling, samt ved Indgangen kl. 7.

Same dag skriv avisa fylgjande:

Fra Koncertgiverens Optræden paa Hamar hidsættes efter ”Opl. Avis”: Hans Fykeruds Koncert var godt besøgt og Præstationerne modtoges med stigende Bifald efter hvert Nummer. Det var ogsaa nogle underlige Stykker, han spillede: Det var ligesom Ekko fra Livet i Fjeldet og Dalen, saa naturligt og livaktigt. Bedst af alt han spillede, var vel ”Skildringer af Sæterlivet”, hans egen Komposition. Her gennemgikk han alt ligefra Kjørenes Rautning, naar de drak af den rislende Bæk, deres glade Svar paa Jentenes Lurlokking, ligetil man hørte Maaltrøsten slaa sine Triller i Skoven – alt tonede frem fra hans Bue, saa levende og vakkert som stod man midt oppe i dets Liv. Han forklarede, før han spillede. Hallingdanseren Hr. Sorteberg, havde altfor liden Plads at bevæge sig paa saa hans Præstationer af den Grund visselig ikke kom til sin Ret. Han bevægede sig imidlertid let og smidigt og gjorde sine Kast sikkert og godt. Hr. Fykerud fremkaldtes flere Gange og gav tilslut et Extranummer.

Etter at Lars hadde reist til Amerika, varde det ikkje lenge før Hans for same vegen. Der borte levde han av å drive sin eigen bar i byen Stoughton i Wisconsin. Her gifte han seg og fekk fire døtre. Medan han var i Amerika var han medlem av Hardanger Violinist Association of America og tok del i deira arrangement. På ein av dei største kappleikane som vart haldne i

Mt. Horeb, Wisconsin, i 1921, vann han fyrste premie. For dette fekk han lagets gullmedalje med namnet sitt gravert inn.

Både Eilev og Harald Smedal fekk omframspremie i same stemne. Desse fekk og gullmedalje. Her fekk Sveinung T. Innleggen 2. premie og sylvmedalje. Innleggen hadde i tillegg gullmedalje frå eit anna stemne. Frå kappdansen under stemnet heiter det bl.a. i referatet: "Det var helst Hans Fykerud som spillede til Dansen, og når Hans spiller danser baade livande og daude."

Hans blei tidleg enkemann i Amerika. Ein dag i 1936 kom han heim til Noreg m.a. for å sjå ei anna dotter, Solveig, som budde her. Etter heimkomsten budde han og i lang tid hos sin gamle ven frå Amerika, bøheringen Sveinung T. Innleggen, som hadde komi heim før han. Dei hadde nok mange fine stunder saman. Innleggen hadde både sylv- og gullmedalje med seg heim frå kappleikane der borte.

I eit brev til stipendiat Arne Bjørndal i Bergen skriv dottera Solveig 22. mai 1957 mellom anna:

Eg skriv dette for eg meiner at i dette legg han heile si sjel open. I den krinsen av kunst- og musikkglade menneske som han kom saman med her, la han alle for sin fot med ein gong. Det var som han med spelet sitt, med varsam hand, rørde ved deira beste kjensler. Han var då nære 80 år, men han spela ei heil St. Hans-nott og var i full vigør klokka 6 om morgonen, då han med ein av sine bruerslåttar spela gjestane ut gjennom grinda, på veg heim. Han spela både danse- og lydarslåttar heile notti. Han spela mange folketonar og dei gamle negersongane frå Amerika. Om Solveigs song fortalde han ei soge: Han var i Ullensvang i Hardanger. So kom det eit bod om han ville koma på hotellet og spela for ein kar. "Ja," sa han, "eg gjekk no og fann denne karen. Ikkje kjende eg honom, og ikkje sa han kven han var. Eg dondra i veg med nokre slåttar. So spurde han denne karen, om eg ikkje kunne nokre folketonar eller sovore. No hadde eg lærd ein ny slått på båten om notti. Denne sette eg av å spela. Då reis han opp denna karen, og gav seg til å driva på golvet, og då eg var ferdug, sa han: "Du spela han ikkje heilt rett, men det var vent nett som det var, og du skal bere spela den som du gjer. Det er min slått. Eg er Grieg og dette er Solveigs song." "Då hadde eg ynskt at eg kunne dotte beint gjennom golvet, so skamfull vart eg," sa han. Men det gleid no over og dei kom i prat, for Grieg hadde rost honom for hans bruk av bogen, fortalde far min. Det var der han hadde si kraft, hadde han sagt. Og so stor ære gjorde Grieg på honom at han kom på ein av konsertane hans, eg trur han sa det var i Bergen, og då hadde Grieg rost honom netop for hans framgang i sin bruk av bogen. "Du veit eg høyrde på det han sa den gongen i Ullensvang og tok lærdom av det," sa han. So fortalde han, at ein gong Lars, bror hans, og han hadde ein konsert i Oslo, og kritikken hadde nemnd Hans før Lars, så vart Lars so sint at han heiv avisa i vegen og trampa på ho. Han tolde ingen framføre seg han, eg skyna at Hans hadde eit lynne slik so det kosta ikkje noko å lat vera so.

Hans døydde hos dotter si, Solveig, på Ask på Ringerike 27. oktober 1942. Båra hans blei førd frå Ask til Bø der han kviler ved sida av bror sin, Lars. Dei har baa namna sine på den store minnesteinen på Bø kyrkjegard. Ein annan stein er reist i Stoughton, Wisconsin, der han budde mesteparten av livet sitt. Ved hans bortgang stod det mellom anna i ein nekrolog i Buskerud Blad 31. oktober 1942:

For 50 år siden dro han så til Amerika. De første årene han var derover, hodt han konserter i de fleste settlementer i Amerika, der han ble kjent og venner med de fleste ledende personligheter innen norskdomsarbeidet mellom våre utflyttede landsmenn. Hans Fykerud hadde en mengde førstepremier for felespelet og slåttene sine. Hans største triumf der over var den store gullmedaljen han tok på en kappleik ved et av de største spelemannsstevnene som har vært

holdt i Amerika. Da var han 60 år. For seks år siden kom han tilbake for å tilbringe sine siste år i gamlelandet. Hans Fykerud var en rikt utrustet og særmerkt personlighet og norskdømsmann i sinn og skinn. Han hadde lest mye. Han kunne sin Peer Gynt, men gamle Ivar Aasen og kanskje aller mest Vinje stod hans hjerte nærmest. Noe av det siste han leste var Gro Norge av Elling M. Solheim. Den ble han glad i. Den talte til hans norske hjerte. Og fela leika han på like til det siste. Når 80-åringen tryllet fram "Sæterbesøket", sin berømte springar, og "Vårlengt" som dr. Smedal i Chicago døpte et av de mest kjent stykkene hans, forstod en at en hadde mesteren for seg. Sine siste måneder fikk han være hos sin datter Solveig Rasmussen på Ask. Her var han så lykkelig at han kom sammen med en flokk venner som forstod å verdsette ham både som kunstner og menneske, som holdt av ham og stelte vel med ham like til det siste. Og det var han over all måte takksam for. Hans Fykerud var en stor skapende kunstner i norsk folkemusikk, og for den betydelige innsats han gjorde for norskdømsarbeidet mellom våre landsmenn i Amerika, fortjener han fedrelandets takk. Trass i nære 50 år i fremmed land var han norsk i sinn og skinn, norskere for hvert år. Tirsdag ble han så ført fra den nye heimen sin på Ask, der lærer Vidar talte ved den gamle mesterspelemanns båre, og til heimbygdas Bø, der han skal gravlegges ved siden av broren Lars Fykerud.

Brørne Lars og Hans Fykerud var båe blant dei største spelemenn Noreg har fostra. Hans kom nok i skuggen av sin eldre bror. Denne broren var showmann og spelemenn i ein og same person. På denne måten vekte Lars meir åtgåum. På den andre sida skal ein ikkje gløyma den måten Lars kunne trollbinde lydarane på i sine aller beste stunder med si framføring på fela. Hans var nok den rolege, som på ein annan måte framførde kunsta si.

Eit stort tap for norsk folkemusikk har det vore at ingen i det leiande folkemusikkmiljøet tok vare på Hans då han kom heim frå Amerika i 1936. Tenk for ein skatt det hadde vore om nokon hadde sytt for å ta opp og bevare arven hans. Han fortalde og ved heimkomsten at han skulle få tak i voksrullane som Lars hadde spela inn før han drog frå Amerika i 1898. Dei hadde også vore ein skatt for miljøet i Noreg. Det er vel helst truleg at dei leiande i norsk folkemusikk i denne tida helst såg at ei anna lei i folkemusikken blei tatt vare på. Difor var det kan hende i deira augo ikkje så farleg om noko av det beste i ei anna lei døydde bort sakte og roleg.

Kjelder

Arne Bjørndals samling

Varden

Politiken

Innherredsposten 24.09.1892

Norges Musikhistorie, Kra. 1921

Nordisk Musikk Tidende nr. 1, 01.01.1888

Buskerud Blad 31.10.1942

Charles Karlsen, Steinkjer

Artikkelen er første gong publisert i Årbok for norsk folkemusikk 1994.